



Norddal kommune
- ein verdsarvkommune



Plan for mottak av flyktningar i Norddal kommune 2015-2020

Politiske vedtak:

KS-035/14 Vedtak i Kommunestyret 22.05.2014:

- 1. Norddal kommune kan ta imot 5 flyktningar i 2015.*
- 2. Ei gruppe frå administrasjonen skal setjast ned der ein arbeider fram ein plan for mottak og oppfølging.*
- 3. Etter evaluering av erfaringane ein gjer seg, skal ein vurdere vidare mottak.*

KS-052/15 Vedtak i Kommunestyret 18.06.2015

- 1. Norddal kommune tek ikkje imot flyktningar utover dei 5 ein har gjort vedtak om*
- 2. Norddal kommune kan ta imot 5 flyktningar i 2016*
- 3. Ein føresetnad for mottak i 2016 er at dette er ein familie.*

Planen skal legge til rette for rask busetting og god integrering av flyktningar i Norddal kommune

Innhald

Innhald	s 2
Innleiing	s 3
Mål.....	s 3
- Delmål.....	s 3
Organisering.....	s 4
Økonomi.....	s 5
Fasar i flyktningarbeidet	s 6
- Førebuing.....	s 6
- Etablering.....	s 7
- Integrering.....	s 7
- Oppfølging.....	s 7
- Tilbakevending	s 7

Innleiing

Norddal kommune ønskjer gjennom flyktningplanen å sikre at kommunen er godt førebudd i høve busetting og integrering av flyktningar, slik at flyktningane føler seg godt mottatt, integrert og inkludert i lokalsamfunnet.

Arbeid knytt til mottak og busetting av flyktningar involverer alle einingar i kommunen i tillegg til frivillige lag og organisasjonar. Det viktigaste er likevel at innbyggjarane i Norddal er medvitne om at mottak av flyktningar er noko alle innbyggjarane i kommunen har eit ansvar for.

Som eit ledd i arbeidet med å få flyktningane raskare integrert og inkludert, vedtok Stortinget Introduksjonslova. Denne lova regulerer denne gruppa sine rettar til, og kommunen si plikt til å sørge for grunnleggande kvalifisering. Dette vil i praksis seie eit heilårs- og heildagstilbod om opplæring i norsk og samfunnskunnskap, og tiltak som førebur dei til vidare opplæring eller yrkesliv, *Introduksjonsprogrammet*.

Mål

Alle flyktningar skal innan 5 år verte økonomisk uavhengige av kommunen, og ha høve til å delta i samfunnslivet i bygdene i Norddal på lik linje med dei andre som bur i kommunen.

Delmål:

År 0-1

- Start av introduksjonsprogram med kvalifiseringsplan
- Barn under skulepliktig alder får barnehageplass
- Barn og unge i grunnskulealder får ordinært skuletilbod
- Helsetenester også til personer med spesielle behov
- Flyktningguide som tilbod
- Fritidstilbod til barn og ungdom – tilbod til vaksne som ønskjer dette.

År 2-3

- Innan utgangen av introduksjonsprogrammet er flyktningane i utdanning/arbeid
- Flyktningane har tilstrekkelege norskkunnskapar til å klare samfunnslivet i Norge
- Barn og unge er aktive i fritida på linje med andre

År 3-5

- Flyktningane har skaffa seg eigen bustad
- Flyktningane er i vesentleg grad sjølvhjelpne
- Flyktningane er ressurspersonar for nye flyktningar
- Flyktningane føler naturleg tilhøyr til Norddal

Korleis:

- god koordinering mellom samarbeidande instansar
- rask busetting
- god etablering
- god og effektiv språkopplæring
- grundig arbeid med utarbeiding av individuell plan

Organisering

Staten sitt pålegg til kommunane i samband med Introduksjonslova krev tettare samarbeidsformer i kommunen. Kommunal samordning av oppgåvene med flyktningar, og oversiktleg forvaltning av økonomien er nødvendig. Dei fleste einingane i kommunen har oppgåver knytt til mottak av flyktningar. Dette speglar kommunen sitt arbeid etter Introduksjonslova. Introduksjonslova gjeld vaksne. Barn vert ivaretekne ved at flyktingtenesta, barnehagar og skular samarbeider.

Flyktingtenesta er organisatorisk plassert i Fellestenesta

Vaksenopplæringa er lagt under oppvekst og er plassert under Valldal skule-Vaksenopplæring

-For å sikre tverrfagleg samhandling og tenkje heilskapleg, vert det etablert ei administrativ ressursgruppe for flyktingarbeidet i Norddal.

Gruppa bør bestå av Rådmann, flyktingmedarbeidar (fagleg ansvarleg),

og representantar for helsetenesta, kultur, IKT, NAV og vaksenopplæringa. Representantar frå andre instansar kan kallast inn etter behov.

Rådmann er leiar av gruppa, og flyktingmedarbeidar er sekretær.

Gruppa bør ha 6 møter pr. år.

- **Vaksenopplæringa** har ansvar for oppfølging av Introduksjonsprogrammet.

- Introduksjonsprogram skal være ei kjede av opplæringstiltak som tilfredstiller flyktingane sitt behov for grunnleggande kvalifisering.

- Planlegging og oppfølging av individuelle kvalifiseringsløp (Introduksjonsprogram)

 - Tildele flyktingen ein rettleiar for inntil 5 år.

 - Kartlegging av kvar einskilt flykting med omsyn til utdanning, tidlegare arbeidserfaring og framtidsplanar.

 - Saman med deltakaren lage individuelt tilpassa plan for kvalifiseringsløpet.

 - Følgje opp den enkelte si framdrift og om nødvendig hjelpe til med revidering av den individuelle planen.

- **Flyktingmedarbeidar** har det praktiske og økonomiske ansvaret i samband med busetting og oppfølging av einskildpersonar.

- samordning/koordinering av flyktingarbeidet

- førebu busetting og skaffe bustad

- hjelpe til med kjøp av inventar og utstyr

- informere om rutine og reglar for korleis ein skal leve og bu i husvære i Noreg

- hjelpe til med registrering i folkeregisteret
- opprette bankkonto
- søkje bustønad i Husbanken
- oppfølging av daglege gjeremål innan helse, opplæring, kvalifisering, økonomi og arbeid
- informere om rettar og plikter

- **Norddal kommune si eigedomsforvaltning** skal sørge for å skaffe bustader før flyktingane kjem til Norddal.

- investere eller ha oversikt over aktuelle bustader
- når det ligg til rette for det, gi flyktingane høve til å kjøpe bustaden dei har etablert

- **Norddal kommune** har eit ekstra ansvar for å legge til rette for at flyktingane vert naturleg integrerte i kommunen sine kulturtilbod, og i frivillige lag og organisasjonar.

- etablere ei ordning med flyktingguid i regi av Frivilligsentralen.
- informerer om kulturtilboda som er i kommunen
- knyte kontakt med frivillige lag og organisasjonar
- Helseteneste
 - Norddal kommune skal etter kommunehelselova sørge for nødvendig helseteneste til alle som bur eller midlertidig oppheld seg i kommunen. Kommunen har derfor primæransvaret for at flyktingane får forsvarlege tenester og organiserer nødvendig samarbeid med dei andre helsetenestene.
 - Fastlege skal tildelast straks etter busetting i kommunen.
 - Tilbod om helseundersøking, vaksiner og smittevern om dette ikkje er gjennomført i mottak.
 - Tilbod om helsestasjon og skulehelseteneste
 - sikre utvida tilbod til familiar med psykososiale vanskar
 - identifisere og følgje opp barn og familiar med spesielle behov
 - vaksiner
 - grupperetta rettleiing kosthald, fysisk aktivitet, etc.
 - informere om barnevernet sitt arbeid
 - Psykisk helse
 - rettleie, hjelpe og ivareta
 - Ergoterapi og fysioterapi
 - Skule og barnehage
 - Fagsjef skule og barnehage registrerer, koordinerer og ordnar det praktiske
 - Innføringsklasse

Økonomi

IMDI: «Inntektene er gitt gjennom ulike tilskot, og utgiftene kan kommunane påverke sjølve etter kva administrasjon dei bygger opp for å ta imot flyktingane. Godt integreringsarbeid løner seg og gjev auka økonomisk handlefridom for kommunen» Flyktingane er også med på å auke folketalet i kommunen, noko som gir større rammeoverføringar.

-Nøkkelen til god økonomi i integreringsarbeidet ligg i at dei lærer seg norsk fort, så dei klarer seg sjølv ved å kome i utdanning eller arbeid. Introduksjonsloven gir strukturar for å påskynde og kvalitetssikre dette arbeidet.

Integreringstilskot skal dekkje kommunen sine gjennomsnittlege utgifter til busetjing og integrering. Tilskotet vert gitt over fem år og skal bidra til at kommunane gjennomfører eit planlagt og aktivt busettings- og integreringsarbeid, med sikte på at dei busette skal kome i jobb og greie seg sjølv. Tenester som kommunen må berekne å dimensjonere opp for mottak er mellom anna; innvandrar- og flyktningkontor, bustad- og bustadadministrasjon, sysselsettingstiltak, yrkeskvalifisering, arbeidstrening, sosialkontor, sosialhjelp, barnevern, tolk, barnehage, helse, kultur- og ungdomstiltak.

Stortinget har fastsett følgjande satsar for integreringstilskotet i 2015:

År 1 (2015)	kr. 182 000.-	(vaksen)*
	kr. 182 000	(barn)*
	kr. 232 000	(einsleg vaksen)
	kr. 182 000	(einsleg mindreårig)
År 2 (2014)	kr. 210 000	
År 3 (2013)	kr. 152 000	
År 4 (2012)	kr. 82 200	
År 5 (2011)	kr. 70 000	
Barnehagetilskot	kr. 24 400	(eingongstilskot)
Eldretilskot	kr. 157 500	(eingongstilskot)
Særskilt tilskot		
einsleg mindreårig	kr. 191 300	
Personar med kjente funksjonshemmingar	Tilskot 1: kr. 175 900.-	(eingongstilskot)
	Tilskot 2: Inntil kr. 1 080 000	i inntil 5 år.

* = Personar vert rekna som vaksne fom året dei fyller 18 år

Fasar i flyktningarbeidet

Førebuingfasen

- IMDi søker ut flyktningar til kommunen.
 - Flyktningmedarbeidar avgjer om kommunen kan ta imot dei aktuelle flyktningane.
- Ved tvil kan andre aktuelle einingar konsulterast før kommunen aksepterer busettinga.
- Flyktningmedarbeidar besøker flyktningen i mottaket og informerer om kommunen.
 - Flyktningmedarbeidar sørger for at bustad og husleigekontrakt er klart før flyktningane vert overført til kommunen.
 - Flyktningmedarbeidar har ansvaret for at einingar som vil verte omfatta av arbeid med flyktningane vert informert slik at dei er førebudde på busettinga.

Etableringsfasen

- Flyktningane vert teken imot og hjelpt av Flyktningmedarbeidaren når dei kjem til kommunen slik at dei kjem i orden i bustaden.
- Når dei kjem får flyktningane ein informasjonsfolder om kommunen som også skal innehalde annen viktig informasjon som til dømes telefonnummer til lege, politi og brannvesen. Flyktningane skal takast med på omvising i kommunen og på besøk til mellom anna skule, barnehage, vaksenopplæringa og andre sentrale einingar/tenester i kommunen. Flyktningmedarbeidaren har ansvaret.
- Flyktningmedarbeidaren sørgjer for at det vert søkt om fastlege, at det avtales en time hos fastlege for helsesjekk og tannlege for tannhelsesjekk.
- Behov for tolk skal verte vurdert fortløpande av den enkelte eining som har kontakt med flyktningane.
- Flyktningmedarbeidaren avklarar flyktningane si utdanning og arbeidserfaring i samråd med vaksenopplæringa. Tolk skal nyttast.
- Overføringsflyktningar skal testast for tuberkulose innan 48 timer etter at dei er komne. Flyktningmedarbeidar har ansvaret for at dette vert organisert med involverte einingar.

Integreringsfasen

- Flyktningmedarbeidaren følgjer opp den enkelte flyktning slik at planen for Integreringsfasen vert følgt og slik at dei rette instansane vert trekt inn på rett tidspunkt.
- Flyktningmedarbeidaren søker om integreringstilskot. Det skal gjerast vedtak om introduksjonsprogram i NIR. (Nasjonalt introduksjonsregister)
- Fagsjef oppvekst søker om tilskot til opplæring i norsk og samfunnsfag i NIR-registeret.
- Flyktningmedarbeidaren hjelper flyktningane med å søkje om sosialhjelp fram til introduksjonsstønad vert utbetalt
- Flyktningmedarbeidaren sørgjer for at flyktningane startar i introduksjonsprogrammet ved vaksenopplæringa seinast 12 veker etter busetting og at vaksenopplæringa utarbeidar ein individuell plan saman med den enkelte.
- Skulen vurderer leksehjelp og morsmålsassistent ved behov.

Oppfølgingsfasen

Etter integreringsfasen kan flyktningane fortsatt ha behov for bistand frå flyktningmedarbeidar i høve til mellom anna jobbsøking. Hovudfokus skal vere på å søkje arbeid og at flyktningane vert sjølvhjelpne. Nav kan hjelpe den enkelte med kurs og andre arbeidsmarknadstiltak i jobbsøkingfasen.

Tilbakevending

Dersom det vert aktuelt for flyktningen å vende tilbake til heimlandet, vil staten sine retningslinjer og stønadssatsar for dette vert følgt. Flyktningmedarbeidaren skal hjelpe til.

Versjon 5: 23.06.15